



Prosjekttjenester AS v/Oddvar Skogheim  
Storgt 8  
3611 KONGSBERG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1255 - 14/4965

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.04.2014

## Godkjenning - Rammeløyve for miljøsanering og riving av 9 bygningar på Skjelanger fort - Gnr 55 bnr 3

**Administrativt vedtak. Saknr: 72/2014**

### **Saksutgreiing:**

#### Saka gjeld:

Forsvarsbygg Skifte Eigedom, representert ved Prosjekttjenester AS, har ved søknad om rammeløyve stempla motteke 26.11.2013 og søknad om igangsettingsløyve motteke 14.3.2014, søkt om løyve til miljøsanering, riving og sikring av 9 anlegg/bygningar på Skjelanger fort, gnr 55 bnr 3. Det er opplyst at forsvaret ikkje lenger har behov for bygningane og at det derfor er hensiktsmessig å rive og sikre desse. Det er vidare opplyst at det ikkje er pantekrav i dei anlegga søknaden gjeld.

Søkar skriv vidare at Skjelanger fort i Landsverneplanen for Forsvaret er verna som militærhistorisk landskap, og at det i samsvar med gjeldande regelverk er det utarbeidd kassasjonsprotokoll for omsøkte tiltak, som er handsama av Nasjonale Festningsverk (NFV). Det er vedlagt vernevurdering til søknaden frå NFV. I tråd med retningslinjene for sikring av militærhistorisk landskap vert grunnmurar som hovudregel ikkje fjerna. Grunnmurane vert sikra ved at dei vert fylt innvendig til ca 10 cm under topp mur. Utvendig kan det og vere aktuelt å fylle skråfylling for å dempe høgda på grunnmurane. NFV har ikkje vurdert lokale eller regionale verneinteresser knytt til anlegget.

Det vert vist til skriv datert 25.11.2013 i sin heilskap, der og dei aktuelle anlegg og bygg er gjort greie for.

#### Plan- og lovgrunnlag:

Eigedomen i kommuneplanen sin arealDEL bandlagt for forsvaret, jf pbl § 11-7 nr 4.

**Nabovarsling:**

Det er søkt om fritak for nabovarsling med den grunngjevnad at tiltaket ikkje har verknader for naboeigedomar. Kommunen er samd i dette og fritek for nabovarsling i medhald av plan- og bygningslova § 21-3, andre ledd.

**Høyringsfråsegn og uttale frå tenesteområde kultur i Meland kommune:**

Saka har våre sendt Hordaland Fylkeskommune (fylkeskonservator) og tenesteområde kultur i Meland kommune for uttale.

Tenesteområde kultur har uttalt seg i saka ved brev datert 2.1.2014, og skriv:

«Sikring ved hjelp av svært synlege inngrep vil ha innverknad på opplevinga av fortet si historie og samspelet mellom natur- og kulturlandskap. Området vil kunne få ei svært viktig rolle som friluftsområde og bli mykje brukt. Tenesteområde kultur i Meland kommune vil derfor anbefale at grunnmurane ikkje sikrast med innvendig og/eller utvendig fylling».

Søkar har kommentert merknadane frå tenesteområde kultur i e-post av 24.1.2014. Søkar peiker på at dei av omsyn til sikkerheita ved ferdsel i området, som normalt vert opna for allmenta, ser behov for å fylle i grunnmurane innvendig og utvendig.

I telefonsamtale mellom konsulent Tore Johan Erstad i Meland kommune og Oddvar Skogheim frå Prosjekttjenester AS, vart det opplyst frå ansvarleg søker si side at det har vore gjennomført felles synfaring med tenesteområde kultur og ansvarleg søker, og at ein er samd om korleis arbeida skal gjerast for å handsame dei ulike omsyna.

**Vurdering:**

Administrasjonen finn at omsøkt tiltak er i samsvar med vedteke arealføremål i kommuneplanen sin arealDEL. Tiltaket er godkjend av NFV og utføring av arbeida er skjedd i samråd med Meland kommune, tenesteområde kultur.

På denne bakgrunn har kommunen ikkje ytterlegare merknader til tiltaket. Løyve vert gjeve som omsøkt.

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

Prosjekttjenester AS Organisasjonsnummer 980364364 Sentral godkjenning	SØK, (tkl 1) PRO, miljøsanering (tkl 2), konstruksjonssikkerheit (tkl 1)
Ragn-Sells Miljøsanering AS Organisasjonsnummer 812763342 Sentral godkjenning	UTF, miljøsanering og riving (tkl 2)

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (tbl) § 20-1 løyve til miljøsanering, riving og sikring av 9 anlegg/bygningar på Skjelanger fort, gnr 55 bnr 3. Ansvarsrettar vert godkjend som omsøkt, jf ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan seinast 3 år etter byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf tbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

### Kopi til:

Forsvarsbygg Skifte Eiendom

**Mottakere:**

Prosjekttjenester AS v/Oddvar  
Skogheim

Storgt 8

3611

KONGSBERG